



Skjåk, 17.01.2013

Minimumsteljing av villrein i Ottadalsområdet.

For å få ei oversikt på vinterstamma av villrein i Breheimen og Reinheimen, henholdsvis ottadalen sør og ottadalen nord, utfører villreinutvalget og SNO ei minimumsteljing frå helikopter. Dette er for å få gode tal å jobbe ut frå når ein skal planlegge neste haust og årets villreinkvote/jaktuttak.

Ottadalen villreinområde er inndelt i to områder:

Nord = Reinheimen og Sør = Breheimen, og sørområdet er vidare inndelt i søraust og sørvest, der grensa i grove trekk går etter Ostradalen – Liavatnet – Tverreggji.

Dei som deltek på dette oppdraget er i tillegg til helikopterpiloten:

Knut Granum – sekretær villreinutvalget i ottadalen

Per Olav Haugen – SNO Reinheimen

Øyvind Angard – SNO Breheimen

Metode: Det blir brukt digitalt fotoapparat og teke bilder av alle flokkane. Desse bilde lasta inn i eit program på pc, der kvar flokk vert nøye opprekna. I tillegg brukar vi GPS for å merke kvar flokk sin posisjon, samt å logge flyruta som blir brukt. Vi er avhengige av brukbart vær og eit jevnt snødekke som gjer at flokkane blir betre å sjå og telja.

Årets teljing: Vi starta på Grotli i minus 25 grader og sol. Snødekket var for det meste tilfredsstillande. Det er jamnt over lite snø i fjellet i forhold til årstida, men betre desto høgare over havet ein kjem, jfr at det har kome som snø i fjellet det som regna i bygda seinhaustes. Vi brukte om lag 4 timar på heile teljinga medberekna tanking. På nordområdet(reinheimen) fann vi 1870 dyr, og desse gjekk samla på liafjellet i Lom. For Breheimen sin del, vart resultatet slik:

Sørvestområdet	Flokk 1 Blankåhaugane	15
	Flokk 2 Blankåhaugane	260
	Sum	275
Søraustområdet	Flokk 3 Rååkampen	19
	Flokk 4 Tverrfjellet	135
	Flokk 5 Grjotådalen	261
	Flokk 6 Grjotådalen	205
	Sum	620
Heile sørområdet – Breheimen	Totalt	895 rein

Med helsing
 Øyvind Angard
 Naturoppsyn - Breheimen